

Ingvar Fanebust

Fonnebostvegen 156


5955 LINDÅS

Fanebust 14. august 2016

Lindås kommune v/Byggesak

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ



Saksnr 16/2203

Viser til brev frå Lindås kommune dat 20.07.2016 om etablering av uloveleg veg på gnr 106/11 og bnr 7, der det vert spurd om føremålet med tiltaket.

I jordskifte over garden Fanebust i 1962 vart det lagt ut vegar og denne vegen det no er spørsmål om er beskriven som veg nr. 3. « Veg nr 3 går frå veg nr 1 ved grensemerke 42 på nordvestsida av grense 17 og 15 fram til grense 12 ved grensemerke 32 og vidare 5 meter på nordvestsida av grense 13, slik at at bnr 10 får inkjørsle til sin teig. Bnr 9 har rett til innkjørsle til sin teig på nordaustsida av grensemerke 38. Vegen skal ha ei køyrebane av 2,5 meter og er til bruk for gnr 106 bnr 7, 9, 10 og 11. Vegen skal opparbeidast og haldast vedlike av av bnr 7, 9, 10 og 11 med lik del for kvart av desse bruk. Formann for vegarbeidet er eigaren av bnr 7. Arbeidet skal setjast i gang når ein av dei i denne vegen interesera partar krev det.»

Etter kvart er det kome til fleire hytter og nausti i området og parkering kan til sine tider vera nokså kaotisk til sine tider. For å få orden på litt av dette og koma til å frå nausta våre, fann vi ut at vi ville opparbeida vegen slik som var bestemt i jordskifte for også å få ut litt av skogen som etter kvart dekkar til Naustneset. Då vi og har landbrukseigedomar på Fanebust og dette er lagt ut i kommuneplan som LNF område meinte vi at dette var ein landbruksveg. Då vi såg på forskrifta om landbruksveg såg vi at enkle vegar på under 150 meter ikkje trong søkjast om og vegen ligg no slik den vart bestemt av jordskifteretten. Det er å merka at vegen følger terrenget utan skjeringar og fyllingar, slik at den er mest usynleg. At vi no er vorte gjort merksame på at dette er eit uloveleg tiltak kom såleis som ei overrasking på oss.

Vi ønskjer å få dette i lovlege former og ber om at kommunen skisserer for oss korleis vi skal få dette i ordna former.

Med helsing

Ingvar Fanebust

Vedl: Jordskiftekart og kopi av jordskifteprotokollen for veg nr 3